



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

## Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Billingen Seterpensjonat, Skjåkvegen 4073, 2690 Skjåk

Dato: 20.-21. september, 2024

### **Deltaking:**

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Knut Egil Rykhus	Nei	Nina Stavheim Bentsdal	Ja
Fjord	Britt-Ingunn Tafjord Walle	Nei	Johan Arnt Overøye	Ja
Lesja	Liv Klara Enstad	Nei	Dag Christian Hole	Nei
Lom	Kristian Frisvold	Ja	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Nei	Arne J Hauge	Nei
Rauma	Andrine Kylling	Nei	Jostein Reiten	Ja
Skjåk	Randi Rust	Ja	Ola Løkken	
Stranda	Claus Uwe Callsen	Nei	Gro Anita Loen Sve	
Stryn	Johan J Berge	Ja	Helene Mari Maurset	Nei
Vågå	Hans Petter Vaberg	Nei	Turid Grimsbø Snerle	Nei
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

### **Program:**

#### Fredag 20. september

17:30 – 18:00 Kaffi / te / enkel bevertning (rundstykke)

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

Presentasjon frå nasjonalparkforvaltar i Breheimen, Stein Magne Grevrusten

20:00 Middag

#### Laurdag 21. september (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda

Presentasjon frå villreinutvalet v/sekretær Kristen Dagsgard

10:00 – 15:00 Synfaring Geirangerkrysset og Gamle Strynefjellsvegen. Ulike problemstillingar knytt til villrein i dette området blir drøfta

12:00 Lunch i felt

### **Innhald**

26. Godkjenning og innkalling av sakliste .....	2
27. Orienteringssak – villrein Breheimen sørvest – arealbruk – utfordringar .....	2
28. Orienteringssak – informasjon frå villreinutvalet v/Kristen Dagsgard om gjennomføring av jakta 2024 .....	2
29. Tildeling av middel til villreintiltak 2024 .....	3
30. Val av representantar til fagleg rådgjevande utval for Breheimen nasjonalpark .....	4
31. Referatsak: .....	5
1) Stenging av rasteplassen ved Geirangerkrysset (Langvatnet ved Rv 15, heilt vest i Skjåk rett før Oppljostunnelen). .....	5
32. Neste møte i nemnda .....	5
33. Innkjøp av ny bok om villrein sin innvandringshistorie av Reidar Andersen .....	5
34. Høyring ny lov om utøving av jakt, fangst og felling av vilt MV. (Viltressurslova) .....	5

## **Sakliste:**

### **26. Godkjenning og innkalling av sakliste**

Merknad i møtet: Det er eit politisk møte. Medlemmar i nemnda har plikt til å gi tilbakemelding om dei kan møte.

**Innstilling:** Ingen merknader til innkalling og sakliste

**Vedtak:** Ingen merknader til innkalling og sakliste, men tar med eit par ekstra saker som har vore ettersendt.

### **27. Orienteringssak – villrein Breheimen sørvest – arealbruk – utfordringar**

Nasjonalparkforvaltar i Breheimen, Stein Magne Grevrusten, blir med oss og orienterar om villrein og forvaltningsmessige utfordringar på sør-vestområdet. Nokre tema som vi kjem innom:

- Stryn sommarskisenter – løyve til motorferdsel gjennom Strynefjellet landskapsvernområde. Tal på turar/ tidspunkt-datoavgrensing/ utvikling/ stikking
- Villrein og arealbruk gjennom året på sørvestområdet
- Skiløyper inn i verneområdet og villreinområdet. Alternative trasear under tregrensa?
- Ferdsel med hund. Utvida bandtvang frå 1. mars i delar av Breheimen.
- Stortingsmelding om villrein.

### **28. Orienteringssak – informasjon frå villreinutvalet v/Kristen Dagsgard om gjennomføring av jakta 2024**

Tema:

- Gjennomføring av jakt i haust
- Erfaring med kluftbukk
- Mye bomskyting i haust.
- Resultat – førebels fellingsprosent.
- Arealbruk på sørvest og nordvest dei siste åra. Dyr på nordvestområdet også i jakta?
- Jakt på sørvest. Kva tenkjer villreinutvalet om freding på nordvest framover?

## 29. Tildeling av middel til villreintiltak 2024

Villreinnemnda har kr 264.580,- til utdeling i 2024

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.24.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

[tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no)

Det har kome inn to søknader (vedlagt):

1. Villreinutvalet – søknad om tilskot til villreinutvalet sine forvaltningsoppgåver. Søknadsbeløp kr 560.000,-
2. Norsk Tindesenter AS – lage betre informasjon om villrein til besøkande på Norsk Tindesenter (om lag 240.000 pers kvart år). Målet er å skape forståing for villrein sine behov og betre kunnskapen om korleis ein kan ta omsyn til villrein ved ferdsel i villreinområda. Søknadsbeløp kr 55.000,-

## Vurdering

Villreinutvalet står for mykje av den praktiske forvaltninga gjennom året. Deira innsats er avgjerande for å ha ei god forvaltning av villreinstamma. Dei bør derfor få brorparten av tilskotsmidla.

Det er positivt at Norsk Tindesenter AS ynskjer å lage betre informasjon om villrein. Det kan bidra til at fleire forstår villrein sine behov og at besøkande til villreinområda klarer å ta meir omsyn til villrein.

Det er mykje god informasjon om både villrein og korleis ein skal ferdast i høve til villrein tilgjengeleg. Norsk villreinsenter har gjort mykje på dette feltet og det er tilgjengeleg. Vi ser i søknaden at Norsk Tindesenter har henta ein del info frå villreinsenteret – bra. Kunne dei vore brukt enno meir for å redusere kostnadene i prosjektet?

Utfordringa er å få folk til bruke den tilgjengelege kunnskapen. Dersom Norsk Tindesenter klarar å få fleire til å ta i mot informasjon om villrein er mykje av hensikta med tilskotsmidla oppnådd.

Sidan det allereie eksisterar mykje god informasjon bør ein vera kritisk til å bruke ressursar på nye tekstar. Men sjølv om det er laga mykje bra om villrein er ein absolutt ikkje i mål med å formidle kunnskapen.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Aktiviteten til villreinutvalet er avgjerande for ei god forvaltning av villreinstammen. Aktiviteten blir dokumentert gjennom årlege rapportar.

Kunnskapsformidling er avgjerande for å få folk til å ta vare på villreinen sine leveområder.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var prinsippet er ikkje relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Positivt for økosystemet med kunnskapsformidling om og god forvaltning av villrein.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Aktiviteten til søkarane blir vurdert som miljøforsvarleg.

Søknadene ligg vedlagt.

## **Innstilling:**

1. Kr 239.580,- i tilskotsmiddel for 2024 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 25.000,- i tilskotsmiddel for 2024 blir overført til Norsk Tindesenter AS, Havnegata 2, 6300 Åndalsnes, konto nr: 3910.66.23469.

**Behandling:** Samrøystes

## **Vedtak:**

1. Kr 239.580,- i tilskotsmiddel for 2024 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 25.000,- i tilskotsmiddel for 2024 blir overført til Norsk Tindesenter AS, Havnegata 2, 6300 Åndalsnes, konto nr: 3910.66.23469.

## Vilkår:

- Rapport på bruken av midla skal bli sendt til villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen innan utgangen av 2025.

## **30. Val av representantar til fagleg rådgjevande utval for Breheimen nasjonalpark**

Villreinnemnda er invitert til å velje ein representant og ein vara til fagleg rådgjevande utval i Breheimen. Det er normalt eit møte pr år.

**Innstilling:** Leiar som representant med nestleiar som vara. Eventuelt velje representantar frå dei tre kommunane med areal i Breheimen: Luster, Skjåk og Lom.

**Behandling:** Samrøystes

**Vedtak:** Randi Rust er vald som representant med Kristian Frisvold som vara.

## 31. Referatsak:

*1) Stenging av rasteplassen ved Geirangerkrysset (Langvatnet ved Rv 15, heilt vest i Skjåk rett før Oppljostunnelen).*

Sekretær i nemnda var på synfaring med Statens vegvesen og grunneigar (Skjåk Almenning) den 25. juni. Statens vegvesen har bestemt seg for å sanere rasteplassen og stenge avkøyringa inn til den. Det er eit arbeid som krev ressursar og det kjem truleg på budsjettet for neste år.

Det vil vera positivt for villreintrekket over Breiddalen at denne rasteplassen blir borte. Sommartid er det mange bular her og folk det meste av døgnet midt i villreintrekket.

## 32. Neste møte i nemnda

**Vedtak:** Neste møtet blir mest truleg årsmøtet siste helga i april. Om det kjem spesielle saker som krev møte før den tid, blir det gjennomført digitale møte.

## 33. Innkjøp av ny bok om villrein sin innvandringshistorie av Reidar Andersen

(Ekstrasak i møtet)

**Vedtak:** Innkjøp av 10-20 eksemplar av boka (om det er økonomi til det på slutten av året).

## 34. Høyring ny lov om utøving av jakt, fangst og felling av vilt MV. (Viltressurslova).

(Saka var ettersendt. Det vart gjort vedtak om å ta saka med på møtet).

### **Vedtak:**

Ynskjer at den nye lova skal ha:

- Moglegheit for ferdselsregulering i viktige funksjonsområde for villrein (menneskeleg ferdsel)
- Ta inn att ordlyden "human" for å ta inn dyrevelferdsaspektet
- Nattjaktforbod på villrein – mellom kl 19 om kvelden og kl 06 på morgonen for at reinen skal få ro og tid til beite.
- Villreinnemndene bør framleis bli rekna som eit statleg viltmynde i og med at nemnda har viltforvaltningsoppgåver nedfelt i viltressurslova.
- Unngå å splitte formålet i viltressurslova mellom bevaring av leveområda i naturmangfaldlova og hausting av viltressursane i viltressurslova. Bevaring av leveområda er ei essensiell oppgåve for å ta vare på villreinen.


Syner i denne samanhengen til innspelet frå villreinrådet som vi støttar.

Samrøystes

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær